



VEDTEKTER

FOR SKULFRITIDSORDNINGANE (SFO)

VED SKULANE I HAREID KOMMUNE

§1 EIGARTILHØVE

Hareid kommune eig og driv skulefritidsordningar i grunnskulane i kommunen. Levekårsutvalet er ansvarleg politisk styringsorgan. Skulefritidsordninga i kommunen er administrert av kommunalsjef for oppvekst. Rektor er administrativ og fagleg leiar for ordninga ved sin skule.

§2 MÅL FOR SFO I HAREID KOMMUNE

Hareid kommune viser til Opplæringslova § 13-7. SFO er eit frivillig tilbod i fritida til elevane. Hovudvekt skal vere på leik og samvere med andre barn og vaksne. SFO skal saman med heimen legge til rette for barna sin vekst og utvikling og gi omsorg, tryggleik og tilsyn. Kvar SFO skal utarbeide årsplan for innhald og organisering av ordninga. Skulen sitt verdisyn gjeld også for SFO.

§3 RAMMER FOR SFO I HAREID KOMMUNE

Tilbodet omfattar elevar på 1.- 4. årssteg og elevar med særskilte behov på 1.-7. årssteg som søker om plass etter § 13-7 i Opplæringslova.

Ved fleire søkjarar enn der er plassar til, vert det gjort slik prioritering:

- Dei yngste barna (1. og 2. klasse)
- Barn med særskilde behov etter opplæringslova. Skal eit barn prioriterast etter opplæringslova må dei ha uttale frå PPT, lege, helsestasjon eller NAV.

Ved kvar skule må det vere minst 6 born som melder seg på SFO, for at det skal verte gitt tilbod. Ved Hareid SFO, må der vere påmeldt frå alle skulane til saman, minimum 6 born om det skal bli gitt eit ferietilbod.

Tilbodet er ope etter skuleruta. Ved Hareid skule vil det i tillegg vere ope i haust- og vinterferien, første dagane i juleferien, i romjula og kvardagane i påskeveka, samt ein periode i tida før skulestart i august og etter skuleslutt i juni. Feriestengt i veke 28-29-30-31. SFO-tilboda i dei andre krinsane har stengt i desse periodane. Borna frå dei andre krinsane kan då nytte SFO-tilbodet ved Hareid skule. Det vert eiga påmelding til ferieope SFO. I løpet av året vert det nytta fem planleggingsdagar til kompetanseheving for dei tilsette. SFO er då stengd.

SFO i Hareid kommune har opningstid mellom klokka 07.00 og 16.30 måndag til fredag. Tilbodet omfattar den tida som ikkje vert dekt av den obligatoriske skuledagen. Opningstida kan verte redusert dersom ikkje tilstrekkeleg mange born har behov for at tilbodet er ope.

Det vert gitt slike tilbod:

- Heil plass
- Delt plass inntil 15 t/v



Timetalet kan disponerast fritt innanfor den daglege opningstida. Kwart barn skal ha ein fast oppsett og avtalt timeplan for heile eller deler av skuleåret.

Barn som har plass ved SFO kan kjøpe timar, med atterhald om ledig kapasitet i høve til bemanninga. Enkelttimar kan avtalast for ei veke om gongen, med øvre grense på 8 timar per barn per veke. Kjøp av enkelttimar eller betaling for overtidstimar etter gjeldande timesats.

§4 LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Leike- og opphaldsarealet ved SFO skal vere tilpassa den aktiviteten som vert driven i den einskilde skulefritidsordninga. Vedteke areal ved SFO i Hareid kommune er på 3 m2 per barn.

§5 BEMANNING

Ved tilsetting vert det lagt vekt på kompetanse, søkjarar med fagbrev og personleg eignaheit vert prioritert. Det vert kravd politiattest ved tilsetting, §10-9 i Opplæringslova. Tilsette ved SFO har teieplikt etter Forvaltningslova § 13.

Rektor kan utpeike ein koordinator av SFO-ordninga ved sin skule.

Tal barn per tilsett: 1 årsverk per 15 barn

For barn med spesielle behov, kan bemanninga aukast utover vedtatt norm/grunnbemanning.

§6 OPPTAK

Søknadsfristen er kunngjort i lokalpressa og på Hareid kommune si heimeside.

Søknadsskjema finn ein på www.hareid.kommune.no.

Ved søknad om plass utanom årleg søknadsfrist, vil opptak vere avhengig av om det av økonomiske og praktiske omsyn er mogleg å tilpasse eit tilbod.

SFO er eit tilbod til barn i 1.-4. klasse. Ved stor søknad skal barn frå 1. og 2. klasse prioriterast, det vert loddtrekning blant dei eldste elevane.

Barn med særlege behov i 1.-7. klasse får tildelt ordinær plass ved SFO.

Plass i SFO gjeld frå tildeling fram til og med 4. klasse eller til plassen vert sagt opp av føresette eller kommunen.

Rektor ved Hareid skule har ansvar for opptak av barn til ferietilboda. Det vert kravd ekstra betaling for ferieopphald. Søknad om ferietilbod skjer ved eigen SFO.

Søknadsfrist: 15. mai.

§7 BRUKARBETALING

- Satsane vert fastsette av Hareid kommune for kvart budsjettår.
- Det vert endring i satsane frå 1. januar kvart år.
- Matpengar kjem i tillegg til betalingsssatsen.
- **Det vert gitt søskenmoderasjon: 30% for barn nr 2 og 50% for barn nr 3 osv.** Moderasjonen vert gitt på billegaste plass.
- Ordinær brukarbetaling over 10 månader pr. skuleår (september – juni). Dette dekker frå skulestart i august til siste skuledag i juni. I tidsrommet etter skuleslutt og fram til ny skulestart (sommарferien), må barnet meldast på for opphald ved SFO. Det vert kravd



betaling for sommar/ferieopphald etter gjeldande timepris. Dette gjeld også om ein nyttar meir enn fast avtalte timar per veke elles i skuleåret/andre skuleferiar *.

- For barn som ikkje vert henta etter avtalt plan/turnus, vert det kravt eit vedteke beløp pr. påbegynt halvtime.
- Ved tildeling av plass ved SFO: restansar for tidlegare opphald i barnehage/SFO må vere betalt før barnet kan ta til ved SFO.
- Ved manglande betaling, misser barnet plassen sin ved SFO. Kommunen gir varsel om dette seinast 1 månad på førehand. Oppseiinga gjeld frå den 1. i månaden etter og oppseiingstida er 1 månad.

*I haustferien, juleferien, vinterferien og påskeferien må det betalast ekstra om barnet skal bruke meir enn t.d 15 t/v eller 25 t/v.

§8 OPPSEIING AV PLOSS

Oppseiing/reduksjon av plass skal skje på Hareid kommune si heimeside. Oppseiingstida er første heile månaden etter at oppseiinga er levert. Dersom plassen vert sagt opp etter 31. mars, må ein til vanleg betale ut skuleåret.

Blir SFO-plassen sagt opp i juli, vert det sett krav om betaling for august (1/2 månadsbetaling).

Faktura for august blir sendt ut i september

§9 DIVERSE

- SFO ved dei einskilde skulane leverer informasjonsskriv til føresette ved oppstart. Her vert det m.a. opplyst om matordningar, kle og anna utstyr, leksearbeid, kontaktmøter m.m.
- Barn med feber, omgangssjuka eller andre smittsame sjukdommar skal ikkje møte på SFO. Fråvere skal meldast til personalet snarast råd.
- Føresette skal alltid gi melding ved fråvere

§10 VEDTEKTSENDRING

Endringar i vedtektene skal leggast fram for Levekårsutvalet.

Prinsipielle og vesentlege endringar skal handsamast av kommunestyret.

Vedtektsendringar krev vanleg fleirtal.

§11 IVERKSETTING

Vedtektene er gjeldande frå 01.08.2012.

Endring i § 6 gjeld frå 9.10.12

Endring i § 7 gjeld frå 01.01.2013.

Ytterlegare endring §7 gjeld frå 01.08.2014

Ny endring frå 01.11.2016

Endring frå 01.08.2018